

## Møteprotokoll

### Kontaktutval for innvandrere og flyktninger



Møtedato: 23.09.2025      Tid: 14:30 - 16:00

Møtestad: Stord mottaksenter - Hovudkontoret

Møteleiar: Awa Rahimpour

#### Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Varamedlem for
------	----------	-------	----------------

Awa Rahimpour

Simone Ziegler Strauss

Alaa Al Shaer

Merknad i møte

#### Forfall:

Anne Kristin Aaseth

H

Guro Betten

V

Leif Steinar Alvsvåg

KrF

Guro Betten

Sara Brosvik

KrF

Stord, .25

Awa Rahimpour

## Saker til handsaming

Saknr	Tittel
OS 08/25	Møte med tilsette og samarbeidsrådet på mottaket

-----

Ytterlegare varamedlemmer vart innkalla, på kort varsel.

Det oppstod ei misforståing kring kven møtet skulle haldast med. Det var bede om møte både med tilsette ved Stord asylmottak og med Samarbeidsrådet-gruppa, som er representantar for bebuarane ved mottaket. Desse representantane blei ikkje kalla inn, og det var berre tilsette som møtte fram. Det vart fyrst føreslege å avlyse møtet og finne ein ny dato, særleg sidan ikkje alle frå Kontaktutvalet var til stades. Etter drøfting vart det likevel vedteke å gjennomføre møtet og ha ein dialog med dei tilsette ved Stord asylmottak.

Leiar Anders presenterte seg sjølv og Stord asylmottak. Han informerte om at mottaket har 150 plassar lokalisert på Heiane. Mottaket består av fire familieblokker, ein eigen blokk for einslege menn med 30 plassar (rom) og felles kjøkken og bad, medan einslege kvinner bur saman med familiar. To til tre kvinner deler som regel ei leilegheit med eitt soverom. I familieblokkene bur det om lag 50 barn.

Anders orienterte òg om bygget som tidlegare vart nytta som moské, men som no er gjort om til eit nytt treningsrom til bruk for alle. Det er fastsette eigne tidspunkt der berre kvinner kan nytte treningsrommet. Rommet som tidlegare fungerte som eige kvinne-treningsrom, er no teke i bruk som forsamlingsrom/moské.

Anders peika på at UDI har eit særskilt fokus på den psykiske og mentale helsa til kvinner og barn, men at det ikkje i same grad er fokus på menn si mentale helse. Han informerte likevel om at han har innleidd dialog med UDI om dette, og at det vert arrangert informasjonsmøte og mini-kurs for menn om tema knytt til mental helse.

Medlemmar av Kontaktutvalet stilte spørsmål om dei generelle reglane og lovverket ved Stord asylmottak. Anders gav utfyllande forklaringar om det som ligg innanfor hans ansvarsområde.

Vidare vart det stilt spørsmål om informasjonsflyt knytt til særskilde aktivitetar, som til dømes samlingar som strikke-kafé for personar med diabetes. Anders gjorde greie for at personalet ikkje har tilgang til private helseopplysningar eller opplysningar om den einskilde si sak hos UDI, med mindre bebuarane sjølve vel å dele slik informasjon. Personvernet vert strengt halde. Personalet informerer likevel alle bebuarar om aktivitetar som går føre seg både inne på mottaket og ute i lokalsamfunnet, mellom anna via SMS og andre informasjonskanalar.